














# Julekalender: Rudolf



Løysingsord: \_\_\_\_\_



Rudolf har ein terning som han kastar tre gonger.

Terningen har sider med desse tala skrive på: 1, 3, 5, 7, 9 og 11.

Han legg saman dei tre tala han får.




**Kva for ein sum kan Rudolf ikkje få?**

19	20	21	23
J	L	P	M



Rudolf hoppar på tallinja etter eit bestemt mønster.

Han hoppar alltid to store hopp først og deretter tre små hopp.  
Han startar på 0 på tallinja.



**Kva for eit av desse tala kjem Rudolf til å lande på?**

82	85	86	88	91
B	V	K	G	C



Julenissen skreiv ned tre etterfølgjande heiltal.

I staden for siffer brukte han symbol.

Korleis må julenissen skrive det neste følgjande talet?



A



U



Y




H



I



Illustrasjonen viser fem like store halvsirklar og lengda til nokre linjestykke.



Kor stor er radiusen til halvsirklane?

12	16	18	22	36
D	J	L	F	Ø



Du skal lage eit 4 x 4 kvadrat ved hjelp av fire brikker.

Du har desse tre brikkene:

2	2
1	
2	

	2	
3	1	2

2	1	3	1
			1

Summen av tala i alle radene og i alle kolonnane skal vere den same.



**Kva for ei brikke manglar?**

1	1	3
---	---	---

2	1	0
---	---	---

1	2	1
---	---	---

2	2	2
---	---	---

2	2	3
---	---	---

N

D

P

M

B




Nisseemor ryddar i kjøkkenskapa.  
Avstanden mellom to hyller er 36 cm.

Ho veit at ein stabel med 8 glas er 42 cm høg, og  
ein stabel med 2 glas er 18 cm høg.



**Kva er det største talet på glas nisseemor kan stable i hylla?**

2	4	5	6	7
A	Å	V	E	K



Ei flaske er fylt  $\frac{1}{5}$  med vatn og veg 560 g.

Når den same flaska er fylt  $\frac{4}{5}$  med vatn, veg ho 740 g.

**Kor mykje veg flaska når ho er tom?**


60 g	180 g	380 g	500 g	1300 g
H	C	V	S	J







Alle dei svarte kulene veg like mykje. Alle dei raude kulene veg like mykje.




Kor mykje veg alle dei ni kulene til saman?

36 kg	81 kg	90 kg	100 kg
K	F	S	U



Figuren viser eit kvadrat med fire like store sirklar.  
Kvar sirkel tangerer to sider til kvadratet og to andre sirklar.



Kor stort er forholdet mellom det raude området og det grå området?

1 : 4	1 : 3	1 : 6	$\pi$ : 1	2 : 3
Å	E	A	U	B




Teikninga viser vegane mellom tre byar:

Frå Fjell til Dal er omvegen om Os 1 km lengre enn vegen som går direkte.

Frå Fjell til Os er omvegen om Dal 5 km lengre enn vegen som går direkte.

Frå Dal til Os er omvegen om Fjell 7 km lengre enn vegen som går direkte.




**Kor lang er den kortaste av dei tre vegane som går direkte mellom to byar?**

1 km	3 km	4 km	5 km
M	R	H	P



Dei ni kvadrata er kongruente.



Kva for eit uttrykk er sant for dei to vinklane  $\alpha$  og  $\beta$ ?

$$\alpha = \beta$$



$$2\alpha + \beta = 90^\circ$$



$$\alpha + \beta = 60^\circ$$



$$2\beta + \alpha = 90^\circ$$



$$\alpha + \beta = 45^\circ$$






Illustrasjonen viser eit kart over ein park.

Parken er inndelt i fleire område.

Talet i dei ulike områda angir omkrinsen til området.



**Kor stor er omkrinsen til heile parken?**

180	220	240	260	420
Æ	U	Y	O	K